

Kyrkjeblad for Fjaler

Nr. 2 juni 2009

67. årgang



SAMAN
I TRUA



SAMAN
I KYRKJA

STØRST AV ALT

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA



”Fekk han ikkje bedøvelse eingang...?”



Påska er over, våren går mot slutten og sommaren ligg framfor oss som ein etterlengta fristad. Noko mange av oss har sett fram til lenge. Kanskje det er no vi kan nyte sommaren best, før den har starta og ferien framleis ligg der ubrukt?

Denne våren har 5.klassingane fått tilbod om å vere med på ”Den Store Forteljinga” – i samband med at alle i denne aldersgruppa får utdelt Bibelen. Som ein del av dette opplegget viser vi ein animasjonsfilm med sentrale hendingar i Jesu liv. Det var under krossfestinga at kommentaren kom frå ein rysta 5.klassing: Fekk han ikkje bedøvelse eingang?! Ho verka opprørt og sjokkert. Jesus heng på krossen. Vi ser at han har det vondt og det ER ein stygg sak. Jesus vert henretta. Ikkje rart at ho meinte han burde fått tilbod om bedøvelse! Det hadde nok vore rett og rimeleg.

Kommentaren var nok ikkje meint for vaksne øyre. Den kom med låg stemme til venninna som sat ved sidan av henne. Kanskje like greit. Vaksne, og meg sjølv inkludert, har kanskje ein litt lei tendens til å flire av spørsmål som kjem frå borna.

Du har nok høyrte det før og veit det så vel, at Jesus døde for deg. Han døydde for syndene dine og mine. Det er heller ikkje noko nytt. Men, kva kosta det for Jesus? Har du reflektert over det? Han var sann Gud og sant menneske. Kunne føle smerter slik som du og eg. Det er nesten ikkje til å fatte. Sjølv for oss som er vaksne og har høyrte historia mange gonger før og på mange ulike måtar. Kanskje vi må lytte til teksten med meir enn berre hovudet? Lytte med hjarte og ta innover oss forteljinga på ein ny måte. Er vi i stand til det?

I diakonien, eller innanfor kyrkja si omsorgsteneste om du vil, handlar det ofte om å gjere noko meir enn berre å høyre. I bibelgruppa vår har vi snakka om at det kan vere fruktbart å studere Ordet med litt ulike innfallsvinklar. Kanskje lese eit dikt, dele nokre personlege tankar eller erfaringar, sjå ein film eller kanskje vere saman om å hjelpe kvarandre? På denne måten kan vi få ein djupare innsikt i Guds ord og det kan vere med på å gjere kristenlivet rikare.

I gudstenesta er det mange fine opplevingar og kanskje ein av dei finaste er å feire nattverd. Her får vi oppleve noko konkret: Vi får ta imot Jesu lekam og Jesu blod. Det er for alle som treng Jesus og vil vere ven med Jesus.

Jesus vil gjerne ha deg med på ”laget sitt” – vil du vere med på hans lag?

Trusopplæringsmedarbeidar Bente Kandal

På Kyrkjebakken

FASTE- AKSJONEN 2009

Hjarteleg takk til alle som var med på dør-til-dør-aksjonen 31. mars til Kirkens

Nødhjelp (KN) sitt arbeid, både bøsseberarane (konfirmantane og nokre vaksne), sjåførane og dei som hjelpte til med kaféen på Ljosheim! Innsamlingssummen var kr 34.935,-. Takk til alle som gav sine bidrag til aksjonen! kak



HJARTELEG TAKK FOR GÅVER !

Takk for 200 kr i minnegåve til Guddal kyrkje gitt ved gravferda til Johan Stensæth 27.03.2009.

Takk for 3.700 kr i minnegåve til Ljosheim ved gravferda til Anna Vårdal 1.04.2009.

Håland misjonsforeining takkar hjarteleg for 18.610 kr til NMS som kom inn i samband med basaren på Ljosheim Palmelaurdag 4.april 2009



NYE TELEFONNUMMER

Vi minner om at Fjaler kyrkjekontor har fått nye telefonnummer der kvar tilsett med kontorplass på kyrkjekontoret, har fått direktenummer til sitt kontor.

Oversikt over dei nye telefonnummera finn du i den faste spalta på side 15.

VEL MØTT TIL TRADISJONSRIK JONSOKFEIR- ING I GUDDAL!

Jonsokfeiringa i Guddal er ein mykje over 100 år lang tradisjon som takka vere trufaste eldsjeler held fram. I år er Jonsok på ein tysdag, og som vanleg startar gudstenesta i kyrkja kl 11:00 der Sigurd er prest. Med oss frå Det Norske Misjonsselskap blir i år Rigmor Frøyen.

Etter gudstenesta samlast vi til misjonsfest på skulen. Der blir det meir om misjon og som tidlegare år blir det loddsal med fine gevinstar. God mat kjenneteiknar også festen, og eldsjelerne – ein handfull Guddalskvinner – serverer mylse, kake og kaffi m.m.

DET SKJER PÅ PÅ ALVÆRA

Familieleir

28 -30 august Heile familien

Bibel / Misjonsdager

8- 11 september

Inspirasjonsleir

25 -26 september

Aktivitetleir

2 – 4 oktober 5 – 7 kl.

Hausleir

5 – 7 oktober 2 – 5 kl.

Alværa Misjonssenter –

tlf: 57 71 17 57

For informasjon og påmelding til leir sjå <http://www.nmsu.no>.

NETTKIRKEN

Velkomen til Nettkirken.

Open for alle. Alltid.

Du kan når som helst ta ei runde i kyrkja, der du kan tenne lys, lytte til salmar og musikk, sende ei helsing eller lese i Bibelen. Du finn også bønner å be – eller kan be om forbønn – eller du kan samtale med ein av våre tre nettprester om det du er opptatt av. Det kan vere personlege ting, tankar om tvil og tro eller eit behov for å bli sett av eit anna menneske. Nettkirken er drive av Norsk Kyrkje i Utlandet i samarbeid med Den norske kyrkja.

Nettkirken er her for deg. Velkomen!

<https://www.nettkirken.no>

FORLENGING AV PRØVE- PERIODEN MED NY LITURGI

Soknerådet har søkt biskopen om forlenging av prøveperioden med ny liturgi, og fått forlenga prøveperioden til sommaren 2010.

Bente Kandal sluttar i trusopplæringa

I juni sluttar trusopplæringsmedarbeidar Bente Kandal etter knappe to år i stillinga. Bente har vore med i prosessen med innføringa og utviklinga av trusopplæringa i Fjaler og Gaular etter at vi var så heldige å få statlege midlar til dette arbeidet frå hausten 2007.

Vi seier oss leie for at Bente har valt å slutte no ettersom trusopplæringa er i god utvikling der Bente har bidrege mykje i å knyte sterkare band mellom småbarnsfamiliar og kyrkja. Det har jamt over vore god oppslutnad om dei nye tiltaka.

Vi takkar Bente for innsatsen og ønskjer henne lukke til med nye utfordringar!




sjå innom nettsida vår:

www.fjaler.kyrkja.no

Framsidedileta er frå Påskevandring i Dale kyrkje (sjå side 4).



Påskevandring



STØRST AV ALT

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

Vi møttest i Dale kyrkje, laurdag 25.april. 3. klassingane er spente på kva dei skal vere med på. Det er åtte born i alt. Først syng sokneprest Knut Arne ein påskesong medan kantor Mark spelar piano. Så er det dramatiske tonar frå orgelet, medan det kjem bilete på storskjerm. Borna møter historia om Farao, Moses og Aron og alle plagene som kom over egyptarane: Vi ser froskar, klegg, lyn og torden. Spanande, men litt mykje opplesing. Nokon lurar kanskje på kor tid dei skal leike?

Øving på prosesjonen vi skal gå i dagen etter, på "Barnas påsegudsteneste". Deretter litt "eselriding" og så er det endeleg litt frileik ute i det fine veret!

Påskemåltid på Ljosheim. Vi ligg rundt bordet, ei ny oppleving for dei fleste av oss. Vi høyrer om kor-

leis jødane feira påskemåltidet og smakar på ein bitter urt og drikk lidinga sitt beger. Liding og vonde ting vil alltid vere ein del av livet vårt. Vi kan rope til Gud og vi kan få hjelp av Gud eller av ein ven eller andre som står oss nær. Til slutt et vi kjeks, egg og skinke. Egget er eit symbol på det nye livet som Jesus gav oss då han stod opp frå dei døde. Brødet er symbol på fellesskapen med Jesus og alle som trur på han. Så drikk vi safta frå håpet sitt beger. Jesus ser oss alle og bryr seg om alle menneske!

Så går det slag-i-slag. I Getsemane hogg Peter øyret av ein soldat, Jesus set det på att. Jesus vert krossfest og står opp att. Inne i kyrkja ser vi på altertavla av den sigrande Jesus. Eit av borna lurar på om det er sant at Jesus verkeleg stod opp att? Han får til

svar at ikkje alle trur det, men at det gjer eg. Han utbryt: Jesus må ha vore spesiell!

Siste stopp er Tiberiassjøen eller Daleelva. Jesus møtte disiplane ved stranda. Vi brenn bål og borna får godterifisk og polarbrød. Somme prøver å grille fisken på bålet eller brenne gras og pinnar. Blokkfløytetonane legg seg bestemt i øyra våre. Vi syng: Dei trudde at Jesus var borte, dei trudde at Jesus var død, då kom han på stranda ein morgon, ved stille sjø. Påminning om at borna må møte opp i kyrkja kl. 10.50 på søndagen. Takk for i dag og vel heim!

Trusopplæringsmedarbeidar Bente Kandal
Foto Joy Taylor



Kyrkjeverja har Ordet



VEDLIKEHALD PÅ KYRKJEGARDANE

Vi prøver å ha så bra vedlikehald vi kan på kyrkjegardane i Fjaler utifrå dei ressursane vi har. Tilbakemeldingane er stort sett bra. Vi er glade for at mange er svært flinke til å stelle gravene sine. Dersom du er i tvil om kva plikter du som ansvarleg festar har, så ta kontakt med kyrkjeverja. Ver merk-sam på at det ikkje er høve til å plante på baksida eller på sidene av gravminnet. Dette gjeld også når det står namn på begge sider av gravminnet. Plantefelt som ikkje lenger blir stelte, vil bli tilsådd.

Av og til kan det vere greitt å minne om kyrkjegardsvedtektene, difor trykkjer vi eit par av paragrafane no.

§ 6. Plantefelt

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høg med bakken rundt. Plantefeltet må ikkje vere breiare enn lengda på sokkelen til gravminnet, men kan på små gravminne likevel vere opp til 60 cm breitt. Det må ikkje stikke lenger fram enn 70 cm, målt frå bakkanten av sokkelen. Det må ikkje plantast vokstrar som skyggjer

for det som står skreve på gravminnet, overstige gravminnet si høg eller går ut over plantefeltet. Det er ikkje høve til å plante vokstrar på utsida av plantefeltet eller på baksida av gravminnet. Skrifta på gravminnet må vere godt leseleg.

Det er høve til å tenne stearinlys og oljelampe på grava, enten lause i bedet eller festa med hurtigkopling på gravminnet. Slike og andre lause dekorgjenstandar skal fjernast etter bruk. Det er ikkje høve til å bruke gasslykt eller solcellepanel. Det er ikkje høve til å bruke faste dekorgjenstandar som blomeurner, lykter m.v. på gravminnet, sokkelen, eller i plantefeltet. På grunn av vedlikehaldet er det heller ikkje høve til å plassere lause dekorting på sokkelen, på steinremser eller på planteplata.

Det er høve til å ramme inn plantefeltet med ein delt natursteinkant som fluktar med terrenget rundt. Det er også høve til å bruke ei min. 5 cm tjukk bedplate i plantefeltet, men plata må vere skilt frå sokkelen. På same måten som for gravminnet, er den som er "ansvarleg for fri grav / festar av grav" ansvarleg for å rette opp steinremser og


planteplater ved siging av bakken. Bruk av rund naturstein, plastgjenstander, planta hekk m.v. er ikkje tillate brukt rundt plantefeltet. Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.

§ 7. Plantemateriale.

Plantar, kransar og liknande materiale som vert brukt ved gravferd eller ved pynting av grav og som ender som avfall, skal vere av slikt materiale som blir til kompost. Etter ei gravferd syter den ansvarlege for grava eller festar for at visne kransar og liknande vert fjerna frå grava i rimeleg tid etter gravferda har funne stad.

Ta kontakt med kyrkjeverje om du ønskjer eg skal gjere dette for deg. Bakgrunnen er at det ikkje alltid er like lett å vite når pårørende tykker tida er inne for å fjerne dette, og dessutan opplever eg at mange tykkjer det er greitt å gjere dette sjølve som ein del av sorgprosessen.

if



Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne.

Kyrkjeverja formidlar kontakt med ein som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid. Ta gjerne kontakt!

Om Truvedkjeninga

Kva er truvedkjeninga?

Truvedkjeninga er kyrkjelydens svar på bibellesingane og forkynninga. Difor er ho plassert etter preika i gudstenesta.

Kva er den nikenske truvedkjeninga?

Ho er ei oppsummering av kyrkja si tru som vart formulert på Kyrkjemøtet i Nikea 325 e.Kr. Sidan 400 talet har kyrkja brukt den på nattverdsgudsteneste/høgmesse. Luther beheldt henne i si messe i 1526 og i Noreg vart ho den faste truvedkjeninga i høgmesse fram til 1920. I altarboka frå 1920 vart ho berre tillate i salmeform "Vi tror og trøster på én Gud" og då ikkje i høgtidene. Ved liturgirevisjon på 70 talet kom ho tilbake sidestilt med den apostoliske truvedkjeninga, men ho har vore sjeldan brukt. No ynskjer vi i Fjaler å prøve å gå tilbake til den tradisjonelle bruken av den nikenske truvedkjeninga på gudstenester utan dåp eller konfirmasjon. Utanom ein 50 års periode i siste hundreåret har den nikenske truvedkjeninga blitt sagt fram ved alle gudstenestene i Noreg sidan kristendomen kom til landet!

Kvifor passer den nikenske truvedkjeninga?

Ho er meir samlande og begynner med "Vi trur på...". Vi svarer på Guds tiltale ved å vedkjennast vår heilage tru saman med heile den verdsvide kyrkja. Det er dette vi som kyrkjelyd og kyrkja trur. Ho har og eit meir hymnisk preg som passer til messa – mange store komponistar har laga musikk til dette faste gudstenesteledet, "Credo", t.d. Bach og Mozart.

Kva er den apostoliske truvedkjeninga

Ho har tradisjonelt (sidan 100 talet) vore brukt saman med forsakinga som ei personleg vedkjening av tru frå den som vil bli døypt eller konfirmert. Difor bruker ho fyrste person: "Eg trur...". Frå 700 talet vart ho også brukt i tidebønnene, Morgonbøn og Aftanbøn, som var tenkt som private, personlege bønegudstener. Den apostoliske truvedkjeninga kom fyrst i norsk høgmesse så seint som i 1889! I Fjaler vil vi styrke den dåpsegudstenelege og kateketiske funksjonen av "Apostolicum" som dåpssymbol med å reservere bruken av denne truvedkjeninga til dåp og konfirmasjon.

Kven seier truvedkjeninga?

Det er alle som må seie ho. Vi står saman i trua (dei som har behov for det kan jo sjølv sagt bli sitjande). I Fjaler syng vi gjerne truvedkjeningssalmen "Fader, du har skapt meg" i gudstenester med barn i fokus for å konkretisere og forenkle truvedkjeninga for barna. Den som leier kyrkjelyden under truvedkjeninga, står helst ved døypefonten for å uttrykkje at det er trua på den treeinige Gud vi er døypte til (fellesskapet av dei døypte). Truvedkjeninga har jo 3 avsnitt om Faderen, Sonen og Den Heilage Ande. Den som leier kan gjerne vere ein representant frå kyrkjelyden (helst ikkje gudsteneleiar, d.v.s. ikkje presten) for å vise at truvedkjeninga er kyrkjelydens svar til prestens forkynning.

mt

Den nikenske truvedkjeninga

Vi trur på éin Gud,
den allmechtige Far,
som har skapt himmelen og jorda,
alt synleg og usynleg.

Vi trur på éin Herre, Jesus Kristus,
Guds einborne Son,
fødd av Faderen før alle tider,
Gud av Gud, lys av lys,
sann Gud av sann Gud,
fødd, ikkje skapt,
av same vesen som Faderen.

Ved han er alt skapt.

For oss menneske og til vår frelse
steig han ned frå himmelen.

Ved Den Heilage Ande og av Maria møy
vart han menneske av kjøt og blod.

Han vart krossfest for oss under Pontius Pilatus,
leid og vart gravlagd,

stod opp tredje dagen etter Skriftene

og fór opp til himmelen,

sit ved Faderens høgre hand,

skal kome att i herlegdom

og dømme levande og døde.

Hans rike skal vere utan ende.

Vi trur på Den Heilage Ande,
som er Herre og gjer levande,
som går ut frå Faderen og Sonen,

blir tilbeden og æra saman med Faderen og Sonen
og har talt gjennom profetane.

Vi trur på éi heilag, allmenn og apostolisk kyrkje.

Vi vedkjennest éin dåp til forlating for syndene

og ser fram til oppstoda av dei døde

og eit liv i den komande verda.

Amen.

KONFIRMASJON 2009



Dale kyrkje 3. mai

Framme, frå venstre: Ine Osland, Lisa Lykkebø, Sandra Brattelid.
 2. rekkje, frå venstre: Marte Haugsbakk, Gina Dorothea Garre-Fivelsdal, Mariell Buttedal Myklebust, Katrin Bjørvik Eldevik.
 3. rekkje, frå venstre: Amalie Bjørvik Myklebust, Linda-Marie Leirpoll, Rebekka Ullebø, Silje Johannessen Selvåg, Linn Marita Skiftesvik Høyvik, sokneprest Knut Arne

Kummeneje.

4. rekkje, frå venstre: Even Åsnes Flekke, Tom-Inge Nedrebø, Kent-Marius Leirpoll Espedal.

5. rekkje, frå venstre: Sigbjørn Mjellem Christiansen, Adrian Solheim Hansen, Erlend Holen Eldevik, Gard Arstein Nedrebø, Jantsen Louis Jumao-As Øverås.

6. rekkje, frå venstre: Håvard Skaar, Torgeir Espedal, Lars Henning Bratland, Martin Olav Myklebust.



Guddal kyrkje 21. mai

Sokneprest Knut Arne Kummeneje, Hilde Yndestad Hovlandsdal.



Hellevik kapell 10. mai

Frå venstre: Arnhild Eiken, sokneprest Knut Arne Kummeneje, Sebastian Mikkelsen Madsen.



Folkestad kapell 10. mai

Framme, frå venstre: Gunn Emilie Espedal Vågenes, Thea Magdeli Hopland Våge, Lillian Holstad, Margrethe Stølen Skår. 2. rekkje, frå venstre: Dennis Ottesen Lien, sokneprest Knut Arne Kummeneje, Sondre Baug Barsnes.

Nye kyrkjelege val hausten 2009

Val til sokneråd for 2009 – 2011 og val til bispedømeråd / kyrkjemøte skal vere samstundes med stortingsvalet 13.-14.september 2009.

Opningstider

I Fjaler skal det vere val begge dagar, men søndag 13.sept. berre i Dingemoen krins med valt-ing på Fjalerhuset som vil ha ope kl.16.00 - 19.00. Totalt har Fjaler 6 valkrinsar som vil ha følgjande opningstider måndag 14.sept

| | |
|-----------|------------------|
| Dingemoen | Kl.09.00 – 20.00 |
| Flekkje | Kl.11.00 – 17.00 |
| Guddal | Kl.11.00 – 17.00 |
| Bakkebø | Kl.11.00 – 17.00 |
| Hellevik | Kl.11.00 – 17.00 |
| Våge | Kl.11.00 – 18.00 |

Vallokala til det kyrkjelege valet vil vere i umiddelberr nærleik til vallokala til stortingsvalet.

Førehandsrøysting

Det kan røystast på førehand i tida frå 10.august i valåret fram til og med fredag 11.september. Planen er at alle kyrkjekontor skal kunne skrive ut kandidatlistar frå heile landet. Frist for førehandsrøysting i anna

sokn enn der ein bur er 4.september.

Det kyrkjelege manntalet

blir 10.august lagt ut til alminneleg ettersyn på Fjaler kyrjekontor. Manntalet skal innehalde alle medlemmar i Den norske kyrkja som har røysterett og er busette i soknet.

Her kan den einskilde få opplysningar om seg sjølv eller ein annan person som han har fått fullmakt frå.

Den som meiner at ein sjølv eller nokon annan med urette er innført eller utelaten frå manntalet i soknet, kan krevje at valstyret rettar feilen. Kravet skal være skriftleg og grunngjeve. Klagefristen er 1.september.

Kven kan stemme

Alle medlemmer av Den norske kyrkja som fyller 15 år i løpet av 2009 har røysterett.

Valkort blir sendt ut til medlemmer i august. Valkortet vil ha informasjon om valet og kandidatane.

Ansvarsperiode

Frå 1. november og to år fram i tid. Det vert nye kyrkjelege val hausten 2011 – då samstundes

med kommunevalet – også eit prøveval. Deretter vil det mest truleg bli val kvart fjerde år, samstundes med kommunevalet. På grunn av at Fjaler sokneråd også har ansvar for såkalla fellesrådssaker, vil begge råda, både det som sluttar og det som startar, vere i funksjon i november månad. Denne månaden vil det avtroppande rådet ha ansvar for fellesrådssaker KL § 14.



Demokratireforma i Den norske kyrkja.

Politisk forlik av 10.april 2008 om tilhøvet mellom staten og Den norske kyrkja. Dette skal resultere til større mynde til kyrkjelege valde organ, og nedbygging av kyrkjeleg statsråd.

Fairtrade er ein merkeføring for ein garantert god handel mellom småprodusentar i utland og forbrukare i Noreg.

MAX HAVELAAR

Sjå etter merket

Familie & Medier vil kjempe for det gode i mediene.

Vil du?

Les mer på www.fom.no

FAMILIE & MEDIER
ANSTATT MEDIEFORUM AS

– same dag som stortingsvalet

Valliste Fjaler sokneråd 2009-2011

| | | | |
|-----------------------------------|-------|-------------|----------|
| 1. Terje Roald Halsnes | 49 år | 6963 | Dale |
| 2. Ann Elise Kviteberg | 69 år | 6964 | Korssund |
| 3. Jarle Skaar Langeland | 39 år | 6966 | Guddal |
| 4. Odd Jarle Kjørstad | 56 år | 6963 | Dale |
| 5. Aud-Torhill Våge Haugstad | 56 år | 6964 | Korssund |
| 6. Sølvi Ann Solheim Løkkebø | 42 år | 6963 | Dale |
| 7. Asbjørn Igelkjøn | 61 år | 6968 | Flekke |
| 8. Geir Magne Kleppe | 39 år | 6963 | Dale |
| 9. Solveig Lie Huseklepp | 50 år | 6966 | Guddal |
| 10. Kåre Ove Eimind | 52 år | 6967 | Hellevik |
| 11. Arne Mortensbakke | 55 år | 6963 | Dale |
| 12. Sissel Thuland Haugsbø | 44 år | 6963 | Dale |
| 13. Annette Hagen Gallefoss | 31 år | 6966 | Guddal |
| 14. Atle Kåre Lyngstad Ness | 56 år | 6968 | Flekke |
| 15. Kjetil Fristad | 35 år | 6967 | Hellevik |
| 16. Hildur Oddny Hovlandsdal | 55 år | Hovlandsdal | 6968 |
| 17. Jostein Atle Folkestad | 51 år | 6964 | Korssund |
| 18. Annika Judith Tveit | 33 år | 6963 | Dale |
| 19. Jofrid Lillian Eikerol Løseth | 56 år | 6968 | Flekke |
| 20. Aud Marit Hovlandsdal | 48 år | Hovlandsdal | 6968 |
| 21. Liv Lovise Nistad | 67 år | 6963 | Dale |
| 22. Leif Gunnar Igelkjøn | 59 år | 6968 | Flekke |
| 23. Jens Norvald Sagevik | 32 år | 6963 | Dale |
| 24. Ingjerd Synnøve Furnes Ness | 51 år | 6968 | Flekke |
| 25. Jorunn Arstein Nes | 67 år | 6963 | Dale |

Vallista er, i samsvar med gjeldande reglar for soknerådval, sett opp i prioritert rekkjefølgje. Dei 3 frå dagens faste medlemmer, som har sagt ja til attval, er plassert som nr. 1, 2, og 4. Av moment som er vektlagde er spreidd representasjon frå heile kommunen, busetnad, kjønnsfordeling og alder. Det har synt seg vanskeleg å få med unge kandidatar.

Vallista vert publisert på kyrkjevalet.no og vil kunne skrivast ut (lasta ned som pdf-fil) og kan nyttast ved førehandsrøystinga.

Fleirtalsval – viktig å vere klar over ved røysting.

Ved fleirtalsval kan veljaren endre rekkjefølgja og /eller stryke namn. Rekkjefølgja av namna på røystesetelen vert rekna slik veljaren har merka av på røystesetelen. Skal kumuleringa ha verknad, må dei kumulerte kandidatane stå på den øvste delen av lista, fordi det berre er så mange kandidatar som tilsvarer talet på medlemmer og varamedlemmer av soknerådet som får røyster. Dei overskytande namna vert ikkje talde/får inga røyster. Dersom ein kandidat som står langt nede på lista vert kumulert, må namnet flyttast opp "på sikker plass" for å få gyldig røyst. I Fjaler er det dei 8 + 5 = 13 fyrste plassane/namna på lista som vert talde med ved oppteljinga.

VAL TIL BISPEDØMERÅD / KYRKJEMØTE

Det som er heilt nytt, er at det er direkteval til bispedømeråd / kyrkjemøte samtidig med soknerådsvalet.

I Bjørgvin skal det vere ein kombinasjon mellom direkte og indirekte val av leke medlemmer til bispedømeråd / kyrkjemøte. Det er val av 3 medlemmer samtidig med soknerådsvalet (direkte val) og val av 4 medlemmer ved indirekte val der soknerådsmedlemmene røystar.

Preferanseval

Røystesetelen til dette valet (bispedømeråd) er sett opp alfabetisk. Det er egne kolonnar der ein kan kryssa av for 1.val, 2.val 3.val osv. Det skal ikkje setjast meir enn eitt kryss i kvar kolonne. Veljaren må melda minst ein preferanse (den du føretrekkjer), elles vert røystesetelen forkasta.

Du kan førehandsrøysta ved direkte val av leke medlemmer.

Kven kan stemme

Alle medlemmer av Den norske kyrkja som fyller 15 år i løpet av 2009 har røysterett også ved dette valet. Men ikkje dersom du har røysterett som prest eller lek kyrkjeleg tilsett.

Funksjonstid for bispedømeråd og kyrkjemøte

1.januar 2010 – 31.desember 2011.

VI HÅPAR PÅ GOD OPPSLUTNAD

KYRKJEVALET 2009

Fyndord

Den virkelige prøve for et menneske er ikke hvor godt det spiller sin selvvalgte rolle, men hvor godt det spiller rollen skjebnen har pålagt det. *Jan Patočka*

Man burde være trofast mot sitt hjerte, for hvis man mister det, mister man snart kontroll over hodet også. *Friedrich Nietzsche*

Våre handlingers konsekvenser griper tak i oss fullstendig uanfektet av vår påstand om at vi i mellomtiden har "forbedret" oss. *Friedrich Nietzsche*

Det som ikke ødelegger meg, gjør meg sterkere. *Friedrich Nietzsche*

Tål og vær tålmodig. *Epictetus*



Korleis har du det...

EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
Epost-teneste: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å PRATE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

I kyrkjelyden sidan sist

Dale:

Døpte:

Sofie Helene Sandtorv Berg
Teodor Helle Rochlenge
Maiken Evita Myklebust Norddal
Jantsen Louis Jumao-As Øverås
Pernille Hove Bråtane

Avdøde:

| | |
|-----------------------|---------|
| Ottar Malvin Lykkebø | f. 1936 |
| Magne Gunnar Bjergene | f. 1942 |
| Sunniva Hagenlund | f. 1929 |
| Anna Vårdal | f. 1933 |
| Gerda Marie Totland | f. 1919 |
| Emma Tømmerbakke | f. 1923 |

Folkestad:

Døpte:

Tarja Marie Milde
(døpte i Vilnes kyrkje)

Hellevik:

Døpte:

Kim Håvåg

Avdøde:

| | |
|----------------------|---------|
| Kurt Arve Solvik | f. 1966 |
| Matias Olai Standnes | f. 1931 |

Guddal:

Døpte:

Ingrid Stueland Gallefoss

Avdøde:

| | |
|------------------------|---------|
| Johan Andreas Stensæth | f. 1920 |
| Ida Heggheim | f. 1923 |

Konsert med Ane og Leif-Helge Birkeland

Vi er så heldige å få avslutte Dalsfjordveka i år med ein kyrkjekonsert.

Dette set vi stor pris på.

Konserten har vi kalla "FRÅ VOGGE TIL GRAV".

Vi tek føre oss alle fasane i livet frå fødsel til ein tek farvel med dei rundt oss. Vi har valt salmar som er kjende og framfører dei på ein måte som vi set pris på sjølve. Konserten vart framført i Øn kyrkje hausten 2008 og fekk gode tilbakemeldingar då.

Vi har vore gift i 13 år og har spela saman heile tida. Talet på konsertar vi har framført har vi mista oversikten på. Men mange har det blitt. Det er stort sett Sogn og Fjordane

vi har vore i og vi kjenner etter kvart kvar ein krik og krok.

Vi har jobba mykje med lyd dei siste åra og synes det er veldig viktig at folk skal kunne nyte ein konsert med oss. Lydbilde er ein viktig del av framføringa. Leif-Helge spelar tangentar og Ane syng. Vi har i dei siste åra jobba med kyrkjekonsertar og mykje med viser. Jakob Sande er ein heilt naturleg diktar å ta inn i repertoaret synes vi. Dette vil og folk i Dale få høyre.

Med Helsing

Ane og Leif-Helge Birkeland



FOTO: DAVID ZADIG

Velkommen til kor!

Det er mange personar i Fjaler med gode songstemmer, men som enno ikkje har funne vegen til eit kor. Ikkje gøym talenta dine, men bruk gåvene dine til beste for fellesskapet. Kvifor ikkje vere med i eit kor, der du kan glede andre med gode opplevingar samtidig som du har det gøy sjølv ved å få noko til i lag med andre menneske? Her er eit oversikt over kora og program for neste sesong:

Cantus – blandakor for vaksne



treng fleire kvinner og menn. Vi er i dag 23 medlemmer frå 38 til 73 år, men vaksne i alle aldrar

er velkomne. Vi øver onsdagar kl. 20.00-21.30 på Ljosheim med frukt-pause, **oppstart 19. august**. Til hausten har vi blant anna øvingshelg i Kalvåg 5. – 6. september og ein stor 30 års jubileumskonsert 25. oktober! Vi syng eit variert repertoar frå Elvis sine gospellåtar med Leif Gunnar, til salmar og viser av m.a. Carola og Benny Andersson, keltiske og andre folketonar og tradisjonell klassisk kyrkjemusikk. Melder du deg inn i koret til

kantor Mark Taylor før 3. august, kan han ha notane klare til deg ved oppstart. Velkommen!

Familiekor i Guddal

Vi har eit tilrettelagt tilbod til dei mange småbarn frå 4 år til 2. klasse i Guddal – **Familiekor junior**. Den fyrste halvtimen av øvinga vår er tilpassa små ungar med gøy oppvarming, enkle barnesongar og mykje rørsle. Barna kan gjerne



ha med seg mamma, store sysken eller bestemor. Junioravdelinga av koret syng mindre i kyrkja enn dei store – dei blir med på nokre få gudstenester med barn i fokus, som utdelingsgudstenesta for 6-årsbok og lysmesssa. Vi øver annan kvar tysdag, **oppstart 18. august**. Junior-avdelinga blir frå 16.00-16.30. Eldre barn og vaksne øver vidare frå 16.30-17.30 med eit pause for barna. Dei store barna kan reise på kortur til Bergen i oktober. På den sosiale sida, gleder vi oss elles til det årlege julebordet på Yndestad gard! Meld deg på gjerne til Mark. Vi ynskjer både store og små velkommen til Guddal familiekor!

Dale barnekor – for barn som liker å syngje!

DALE BARNEKOR

Barnekolet har **oppstart måndag 17. august** på mediateket på

Dingemoen skule og øver kvar måndag kl. 14.25-15.00. Songglade barn frå 4. til 7. årssteg er velkomen, både jenter og gutar. Haustens storhending er turen til Bergen 24. oktober for å delta på hausttreff for Ung Kyrkjesong Bjørgvin. Elles syng vi m.a. på hausttakkefest, lysmesse, og på julaftan i Dale kyrkje.

Do Re Mi – barnekolet i ytre Fjaler **Har oppstart måndag 24. august** og øver annan



kvar måndag på Hellevik barnehage kl. 17.45-19.00. Pausen med frileik (t.d. luft hockey og bordfotball)

er populær. Alle songglade barn frå 1. til 7. klasse er velkomen, både gutar og jenter. Haustens storhending er turen til Bergen 24. oktober, men vi har også hausttur til Dale 2. november med song på Sjukeheimen og pizzafest, og kan hende vi kan ta ein tur til Høyangerbadet?

Velkommen til kyrkje

DALE KYRKJE

Sundag 28. juni kl.11.00

Gudsteneste ved Sande og Eiken. Nattverd. Offer til NMS Misjonsprosjekt.

Sundag 19. juli kl.11.00

Gudsteneste ved Sande og Eiken. Nattverd. Offer til Kyrkjelydsarbeid.

Sundag 9. august kl.11.00

Gudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Nattverd. Offer til Sjømannskyrkja - Norsk kyrkje i utlandet.

Sundag 16. august kl.20.00

Avsluttande konsert i Dalsfjordveka med Ane og Leif Helge Birkeland. Skyss frå Straumsnes kl.19.10. Billettsal vaksne kr 70,- barn gratis.

Sundag 23. august kl.11.00

Gudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Presentasjon av konfirmantane. Enkel kyrkjekaffi. Offer til Alværa Misjonscenter.

Sundag 6. september kl.11.00

Gudsteneste ved Kummeneje og Eiken. Nattverd. Offer til Senter for livsmeistring – Skei.

Onsdag 16. september kl. 19.30

Trekkspekkonsert ved Johan Andersson. Kollekt til Fond for kyrkjekonsertar.

Sundag 20. september kl.11.00

Hausttakkefest ved Kummeneje og Taylor. Utdeling av 6 års bok. Barnekoret deltek. Nattverd. Offer til barne og ungdomsarbeid.

GUDDAL KYRKJE

Onsdag 24. juni jonsok kl.11.00

Misjongudsteneste med Sande, Rigmor Frøyen og Taylor. Nattverd. Misjonsfest på skulen etterpå. Kyrkjeskys. Offer til NMS Misjonsprosjekt.

Sundag 2. august kl.11.00

Gudsteneste ved Kummeneje og Eiken. Nattverd. Offer til Sjømannskyrkja - Norsk kyrkje i utlandet.

Sundag 30. august kl.11.00

Gudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Presentasjon av konfirmantane. Enkel kyrkjekaffi. Familekoret deltek. Offer til NMS Misjonsprosjekt.

FOLKESTAD BEDEHUSKAPPELL

Sundag 13. september kl.11.00

Gudsteneste ved Sande og Eiken. Nattverd. Offer til Kirkens SOS Bjørgvin.

Sundag 20. september kl.19.00

Syng med oss med Fure og Våge Songlag, Sande og Taylor. Salmar av Elias Blix og Anders Hovden. Kveldsmat etterpå. Kollekt til Fond for Kyrkjekonsertar.

HELLEVIK BEDEHUSKAPPELL

Sundag 23. august kl.19.30

Gudsteneste ved Sande og Taylor. Presentasjon av konfirmantane i ytre Fjaler. Enkel kyrkjekaffi. Offer til Sjømannskyrkja - Norsk kyrkje i utlandet. Bjørgvin.

ANDRE GUDSTENESTER

KORSSUND

Sundag 26. juli kl.11.00

Gudsteneste ved Kummeneje og Stav. Ta med sit teunderlag. I Folkestad kapell viss dårleg vær.

STRAUMSNES GRENDAHUS

Sundag 30. august kl.14.00

Gudsteneste ved Sande og Taylor. Kyrkjekaffi. Kollekt kyrkjelydsarbeidet.

Prøveperioden med den nye liturgien – ein rapport undervegs

I mars starta vi prøveperioden med den nye liturgien som er ein forsøksliturgi. Det er berre Fjaler i Sunnfjord som prøver ut denne liturgien. Her kjem ein liten rapport om prøveperioden så langt.

Struktur: Ordo

Det latinske ordet "Ordo" betyr ordning eller struktur. Gudstenesta er ein møtestad. Her møtest dei kristne og blir til eit fellesskap – i Kristus. Den kristne kyrkjelyden er universell. Kyrkjelyden er ein del av den verdsvide kyrkja som vedkjenner seg Jesus Kristus som frelsar. Denne universelle fellesskapen kjem til syne når den lokale kyrkja samlast. Det universelle nivået er representert ved omgrepet "Ordo" som også betyr "tradisjon, arv og overlevering". "Ordo" har fem hovuddelar:

1. **Samling:** Kyrkjelyden samlast og bevisstgjer seg sjølv som eit "vi"
2. **Ordet:** Lesing og forkyning frå den heilage skrifta
3. **Forbøna:** Kyrkjelyden ber til Gud for kyrkja og verda
4. **Måltidet:** Feiring av nattverd-måltidet
5. **Sending:** Kyrkjelyden blir velsigna og sendt ut i teneste

Det er tenkt at innafor "Ordo" skal kvar kyrkjelyd utarbeide sin lokale gudsteneste, som til dømes lokal "Kyrie" og "Gloria" i samlingsdelen, lokal syndsvedkjenning og forbøn i forbønsdelen, og lokal nattverdliturgi.

Nytt altar

Den mest synlege forandringa i kyrkjerommet, har vore det nye altaret som er plassert nærare kyrkjelyden. Her er tanken at gudstenesteleiarer skal vere nærare folket han leier. Ein kjem ikkje utanom problemstillinga at plassering av nytt altar i ei gam-

mal kyrkje må bli ei kompromissløyding. Kyrkjerommet er ikkje bygt for dette altaret. Likevel har erfaringa så langt vore overraskande positiv. Sjølv i Guddal der ein har forholdsvis liten plass, har det latt seg gjere å få plassert inn eit altar i koropninga. Døypefonten har såleis blitt plassert øvst i kyrkjeskipet. I Folkestad har det nye altaret blitt plassert øvst i kyrkjeskipet, og døypefonten i koropninga bak altaret – altså motsett av kva det er i Guddal. I Dale har plasseringa av det nye altaret i koret mellom anna medført at lese-pulten har fått fast plass ved den eine søyla. Den nye liturgien har gjort at bevisstgjeringa om og bruken av dei ulike delane av kyrkjerommet har kome sterkare fram. Hellevik kapell har det nyaste gudstenesterommet i Fjaler der gudstenesteleiarer står bak altaret slik det er i nye kyrkjerom av i dag. Hellevik kapell er såleis uforandra.

Medliturgar

Ei endring som har skjedd ved overgang til ny liturgi, er at det er høve til å engasjere medliturgar saman med gudstenesteleiarer. I prøveperioden så langt har særleg born og unge delteke som medliturgar – til stor glede både for dei sjølve, for kyrkjelyden og for gudstenesteleiarer. Konfirmantane har vore med i sine kvite kapper og delteke under dåpen, i førebuinga av nattverden, med tekstlesing, i prosesjon og innsamling av offer. Her tenkjer ein at det skjer ei dreining av forståinga av gudstenesta som "vår", kyrkjelyden si gudsteneste – ikkje presten si gudsteneste. I den nye liturgien er det gitt mykje meir rom og moglegheiter til å engasjere medliturgar i gudstenesta.

KAK

Kyrkjeblad for Fjaler

Bankkontonr. 3755 20 73135
Bladpengar kr. 150,-/175,- for året.
Redaktør: Joy Taylor
Prent: Ingvald Husabø Prenteverk a.s.
fjaler.kyrkjeblad@gmail.com

Kyrkja i Fjaler

www.fjaler.kyrkja.no

Kyrkjekontoret, pb 18, 6961 Dale
Telefon 57 73 97 70 Faks 57 73 97 77

Kyrkjekontoret er ope
måndag-torsdag kl.09.00-14.00
fredag kl.09.00-12.00

Tilsette med kontorplass:

Sokneprest Knut Arne Kummeneje
Jobb: 57 73 97 73 Priv: 57 73 86 32
Mobil: 90 85 52 30
knut.arne.kummeneje@fjaler.kyrkja.no

Kyrkjeverje Irene Fløde
Jobb: 57 73 97 71 Priv: 57 73 68 82
kyrkjeverje@fjaler.kyrkja.no

Kantor Mark Taylor
Jobb: 57 73 97 74 Priv: 57 73 61 65
kantor@fjaler.kyrkja.no
Mark har fri kvar torsdag.

Seniorprest Sigurd Wahl Sande
Jobb: 57 73 97 75 Priv: 57 73 61 44
mobil: 90 89 73 17
sigurd.sande@fjaler.kyrkja.no
Sigurd har fri ei veke pr månad.

Sekretær Joy Taylor
Jobb: 57 73 97 72
kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no
Joy er på kontoret
tyrsdag og fredag kl.09.00-13.00.

Trusopplæringsmedarbeidar
Bente Kandal tlf: 975 38 603
trusopplaering@gaular.kyrkja.no
Bente har kontorplass i Gaular.

Kyrkjetenarar:

Dale kyrkje
Joy Taylor tlf: 57 73 61 65

Guddal kyrkje
Liv Svanhild og Reidar Langeland
tlf: 57 73 88 21

Hellevik- og Folkestad bedehuskapell
Sigrid Kleppe tlf: 57 73 53 57

Fjaler sokneråd

Leiar Terje Halsnes tlf: 57 73 55 95

Beredskapstelefon ved akutt behov utanom kontortid 95 48 31 52.



Leik & Preik

Eit svært vellukka samarbeid mellom kyrkja og Misjonssambandet! Vi hadde to kjekke dagar på Ljosheim, tysdag 12.mai og onsdag 13.mai, frå rett etter skuletid og fram til kl.17.00. Til saman deltok det 13 born på dette arrangementet og det er vi godt nøgde med.

Som namnet fortel, var dette dagar både med leik og forteljing frå Bibelen. Vi serverte også ein enkel middag og maten gjekk ned på høgkant; pølse med brød og pizza.

Dei mest populære leikane var nok skattejakt, airhockey og badminton. Då vi hadde preike, fortalte vi mellom anna om Barabbas og Peter. Førstnemnde ein litt meir perifer person i Bibelen, medan Peter må kunne seiast å vere ein sentral person.

Tusen takk til Håvard Oltedal som hadde ideen til Leik&Preik!

Tekst og foto: Trusopplæringsmedarbeidar Bente Kandal

